



Sund Kommune  
Skogsvåg skule v/Bente Helen Sangolt  
5382 SKOGSVÅG

Dato: 11.06.2014  
Vår ref.: 2014/12157-15  
Saksbehandlar: elsaaro1  
Dykkar ref.:

## Tilskot folkehelse og nærmiljøkvalitetar - Skogsvåg skule Sund kommune 2014

Vi viser til søknaden dykker datert 24.03.14. Vi er glad for å melde at Hordaland fylkeskommune løyver kr 110 000,- til prosjektet SFO og nærmiljøkvalitetar «uteområde – leikeskogen» ved Skogsvåg skule/Pollen skule.

### UTBETALING

Beløpet vert overført så raskt som råd etter de har fylt ut og sendt inn vedlagt akseptskjema. Tilsegnsmottakar har ansvar for å kontrollere at utbetalt beløp er korrekt. Eventuelt for mykje utbetaling skal betalast attende snarast.

### VURDERINGSGRUNNLAG

Hordaland fylkeskommune fekk i 2014 kr 516 800,- til fordeling frå Helsedirektoratet. Det kom inn 8 søknadar innan fristen. Vi ser at vilkår og kriterier for tildeling er oppfylt for dykker prosjekt, og etter ei samla skjønnsmessig vurdering får de tilsegn.

Søknaden er delvis innvilga med slik grunngjeving.

*Prosjektet er godt forankra i folkehelsearbeidet i Sund kommune. Tydelig målsetting for å fremje eit godt nærmiljø med muligkeit til allsidig aktivitet for borna i SFO/skule i eit område med få slike leikemuligheter frå før, og som del av langsiktig satsing på barn/unge. Prosjektet inngår i utvikling av eit skuleområde som skal byggjast ut, og privat grunneigar avset området til tiltaket. Området skal opnast til bruk for fleire befolkningsgrupper og vil fremje inkludering. Brei deltaking i prosjektet frå skule, kommune og frivillig sektor med fleire. Involvering av skuleborna i prosjektet. Høg grad av frivillig innsats og dugnad. God eigenfinansiering. Tydeleg prosjektorganisering med gjennomarbeidd prosjektplan. Prosjektet fyller vilkåra som nærmiljøprosjekt godt.*

*Skogsvåg skule søker om kr 119 000 til prosjektet. Prosjekt får nær full finansiering, med fråtrekk om kostnader til uteamat og litt småutstyr. Vi gjer merksam på at storleiken på beløpet vert gjeve fordi Pollen skule som no ikkje vidareutviklar eige nærmiljøprosjekt skal flytte til Skogsvåg i 2015. Midlane går derfor til utvikling av uteområde for borna i SFO til bruk for born frå begge skulane.*

### PROSJEKTGRUNNLAG OG ORGANISERING

Målet med prosjektet er i fylge søknad Opparbeide ute nærmiljøuteområde ved Skogsvåg skule.

Kontaktperson for prosjektet: Rektor Bente Helen Sangolt.

**Godkjend finansieringsplan**

Hordaland fylkeskommune 2014, budsjettområde Folkehelse – midlar frå helsedirektoratet	kr	110 000
Annan finansiering inklusive eigeninnsats og dugnadsinnsats (50%)	kr	55 000
<b>Sum</b>	<b>kr</b>	<b>165 000</b>

Evt: Beskjed om at budsjett ikkje godkjend og nytt må ettersendast før tilsegn utbetalast.

**VILKÅR FOR TILSKOT**

- Tilsegnsmottakar må signere vedlagt akseptskjema og sende til fylkeskommunen så raskt som mogleg, og seinast **innan 3 veker**.
- Prosjektet må gjennomførast i samsvar med innsendt prosjektplan.
- Tilsegnsmottakar skal levere rapport og sluttrekneskap som nemnt under.
- Det er ein føresetnad at prosjektet vert finansiert slik godkjend kostnads- og finansieringsplan ovanfor viser. Om dette kravet ikkje er oppfylt kan tilskotet bli skjønnsmessig avkorta, eller krevjast betalt tilbake.
- Midlane skal nyttast i løpet av 2014. Ved ubrukte midlar, ta kontakt innan **30.11.14**.

**Rapportering og sluttrekneskap**

Seinast innan **10. desember 2014** skal tilsegnsmottakar sende sluttrapport og sluttrekneskap (sjå vedlegg) samt rapport med måloppnåing til Utviklingsseksjonen ved Hordaland fylkeskommune.

Sluttrapporten skal kort seie noko om fagleg måloppnåing: Sjå vedlagt rapport skjema

**Kontroll**

Mottakar av midlane skal gjere greie for interne og eksterne kontroll tiltak som skal sikre korrekt rapportering og måloppnåing ( til dømes interne kontroll aktivitetar, intern revisjon, autorisert revisjon/ikkje autorisert revisor). Krav om revisorkontroll fell vekk når tilskotsbeløpet er mindre enn kr 100 000.

Fylkeskommunen og fylkeskommunen sin revisor har når som helst rett til å kontrollere at midlane vert forvalta i samsvar med vilkåra i tilsegna. Vi gjer merksam på at de pliktar å gje fylkeskommunen og fylkeskommunen sin revisor dei opplysningane dei finn påkravd for sin kontroll. Riksrevisjonen har også høve til slik kontroll, jf. Stortinget sitt løyvingsreglement §10.

**Klage/innsyn i dokumenta**

Behandling av søknadar i tilskotsordninga vert ikkje sett på som enkeltvedtak, og i fylgje Forvaltningslova § 2, første ledd bokstav a og b, er det ikkje klagerett.

Vi gjer merksam på at de etter forvaltningslova har rett til å gjere dykk kjend med dokumenta i saka med dei avgrensingane som følgjer av §§ 18 og 19.

**Kontaktperson**

Hordaland fylkeskommune sin kontaktperson Else-Marie Brobakke Aarø, e-post [else-marie.aaro@hfk.no](mailto:else-marie.aaro@hfk.no), tlf. 55 37 80 29.

Fylkeskommunen ynskjer lykke til med gjennomføringa av prosjektet!

Bård Sandal  
fylkesdirektør regional utvikling

Else-Marie Brobakke Aarø  
Spesialrådgjevar

Vedlegg: Akseptskjema  
Sluttrekneskapsskjema  
Fagleg rapportering (grunnlagsdokument for evaluering)

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.*

Kopi til:  
Laila Klemetsaune